



**Kort rapport om ni verdfulle slåttemarkslokaliteter
i Norddal kommune i Møre og Romsdal Fylke
Bioreg AS rapport 2013:03**

BIOREG AS

Rapport 2013:03

Utførende institusjon: Bioreg AS http://www.bioreg.as/	Kontaktpersonar: Finn Oldervik	ISBN: 978-82-8215-232-7.
Prosjektansvarleg: Finn Oldervik, 6693 Mjosundet Tlf. 71 64 47 68 el. 414 38 852 E-post: finn@bioreg.as	Finansinert av: Norddal kommune	Dato: 31. juli 2012
Referanse: Folden, Ø. & Oldervik, F. G. 2013. Kort rapport om ni verdfulle slåttemarkslokalitetar i Norddal kommune i Møre og Romsdal. Bioreg AS rapport 2013 : 03. ISBN 978-82-8215-232-7.		
Referat: Etter ynskje frå Fylkesmannen Møre og Romsdal v/Kjell Lyse, er ni slåttemarkslokalitetar i Norddal kommune klargjort for å leggja inn i Naturbase. Lokalitetane vart kartlagd sommaren 2012. Alle desse lokalitetane har vore sparsamt gjødsla og har heile tida vore skjøtta, sjølv om skjøtselen kanskje ikkje har vore optimal heile tida. Målet er å få laga skjøtselsplanar for slåttemarkane slik at dei også i framtida kan haldast i hevd som naturtypen, slåttemark.		
4 emneord: Slåttemarkar Biologisk mangfald Registrering Skjøtselsplanar		

Figur 1. Framsida; Denne enga som ligg nede i bakkane nedom husa på Gjerda langt oppe i lia ovom Norddal var i gamle dagar nytta til å dyrka korn for å dekkja tienda som presten hadde krav på. Namnet på enga viser da også til denne historiske bruken, da den heiter Prestkornrobben. (Foto; Finn Oldervik, Bioreg AS © 28.06.2012).

FØREORD

I samband med ei kartlegging av slåttemarkar i Norddal kommune i 2012, vart 9 lokalitetar vurdert å vera av B-verdi eller høgre. Som kjend er slåttemark rekna å vera ein utvald naturtype, og denne korte rapporten inneheld skildring av desse lokalitetane, samt kartavgrensing og nokre bilete. Rapporten skal danna grunnlag for å kunne leggja lokalitetane inn i Naturbase. Seinare skal så lokalitetsskildringane nyttast som grunnlag for å laga skjøtselsplanar, slik at dei i framtida kan haldast i hevd på ein måte som er optimal for naturverdiane på dei ulike lokalitetane. I samband med dette har Bioreg AS hatt som oppdrag å klargjera lokalitetane for Naturbase. Skildringane er grunna på undersøkingar utført den 27. og 28. juni 2012 og samstundes møtte vi brukarane av dei 9 lokalitetane. Vi har også vore i telefonisk kontakt med dei aktuelle personane både før og etter undersøkinga.

Vi vil med dette takka brukarane for gode orienteringar om noverande og historisk bruk av dei einskilde lokalitetane, samt Fylkesmannen v/Kjell Lyse for oppdraget.

Aure/Tingvoll 15.02.2013

**Finn Oldervik,
(Bioreg AS)**

**Øystein Folden,
(Folden grønt og plan)**

Slåttemarkslokalitetar i Norddal kommune klargjort for Naturbase, - undersøkt for biologisk mangfald den 27. og 28.06.2012

Innleiing

Dei naturfaglege undersøkingane i Norddal vart utført på oppdrag frå næringssjef i Norddal kommune, Toralv Klokkehaug. Det var Finn Oldervik og Øystein Folden som utførte oppdraget for Bioreg AS. Målet med undersøkinga var å avdekkja kor vidt ein del enger i Norddal kunne definerast som slåttemark ut frå kravet som er nærare fastsett for denne Naturtypen i DN-Handbok 13. Det var dei einskilde brukarane som hadde kome med ynskje om slike undersøkingar og som peika ut dei engene som dei meinte kunne svara til definisjonen. Det var i alt 5 brukarar som hadde meldt si interesse for slike undersøkingar, nemleg Svein Linge, brukar av Lingås (gnr 2 bnr 2) og Muriås (gnr 3 bnr 1, 2 og 3), Turid Indset (Harald Fossheim) (gnr 52 bnr 6), Ingvild Hansen Nystad (gnr 54 bnr 4 m.m.), Gunnar Inge Eide (gnr 65 bnr 2), Eide i Eidsdal og Solveig Berge Tafjord (gnr 67 bnr 3) Berge i Eidsdal.

Metode

Undersøkingane er basert på intervju med brukarar/eigarar for å få greie på lokalisering samt noko historikk om dei aktuelle slåttemarkane. Det er teke opp artslistar på dei lokalitetane som vi meinte hadde potensial for å kunne verta definert som den utvalde naturtypen; Slåttemark. Artslistene er lagt inn i Artsdatabankens artsobservasjonar.

Dei ymse bruka som vart undersøkt der det vart registrert verdfulle slåttemarkar.

Lingås og Muriås i Valldal


Den 27. juni 2012, ettermiddag og kveld vart Lingås og Muriås undersøkt med tanke på lokalisering av den utvalde naturtypen, slåttemark. I alt vart det lokalisert 4 slåttemarker som kunne gjevast B-verdi, alle på Muriås sin grunn. I tillegg var det ein lokalitet som ikkje vart undersøkt pga. ei misforståing mellom kartleggjarane og eigar og drivar, Svein Linge. Også denne stettar truleg krava for å verta verdsett som ein B-lokalitet. Det betyr då at det er 5 slåttemarker som det bør utarbeidast skjøtselsplanar for på Muriås. Det vart også sett på slåtteengene på Lingås, men vi vurderte dei som for mykje oppgjødsla og til dels prega av mange og høgvaksne, nitrofile artar til at vi kunne gje nokon av dei B-verdi.

Gjerda i Norddal

Den 28. juni 2012 om morgonen møtte vi brukarane av Gjerda (Hatlestad gnr 54 bnr 4 m.m.) og vart orientert om dei ymse engene og noverande og tidlegare bruk. I alt vart det registrert 4 kulturmarkslokalitetar som kunne definerast som slåttemark som brukarane her disponerte. Også fem-seks andre slåttemarkar vart undersøkt, men som vart vraka, mest fordi dei var for oppgjødsla og dominert av nitrofile artar, eller mangla kontinuitet. Tre av desse låg på oversida av vegen.



Figur 2. Dette flyfotoet viser avgrensinga av slåttemarkane på gnr 3, Muriås i Valdalen. Den største av desse lokalitetane skal avgrensast mot sør, omlag der den grove grøne linja går. Lokaliteten som er avgrensa med grønt fekk vi ikkje sett på, men etter det vi har fått opplyst så har den omlag same kvalitetane som Josteinbøen. Den må difor sjåast på som ein potensiell slåttemarkslokalitet. (Kjelde; Ortofoto henta frå GisLink).



Figur 3. Oversyn over gards- og bruksnummer for dei 5 lokalitetane på Muriås i Valdalen: Lok. nr. 1, gnr 3/2, Gamle Muritunet, lok. nr. 2, gnr 3/2, Hestebeitet, lok. nr. 3, gnr 3/1 og 3/2 Storåkeren, lok nr. 4, 3/2 og litt 3/1 Josteinbøen, lok nr. 5, gnr 3/4 Josteinbøen, nedre. (GisLink).

Gislinklenke for lokalitetane på Muriås/Linge:

http://www.gislink.no/silverlightviewer_1_5/index.html?Viewer=Gislink&Project=a6bd99e8-99d7-4507-b0b6-b11c824714ea



Figur 4. Kartutsnittet viser dei fire lokalitetane på Gjerda som vi meiner i det minste har ein B-verdi som slåttemarksnaturtypar og difor er kvalifisert til å få skjøtselsplanar utarbeidd. Dei to lokalitetane lengst mot høgre tilhøyrer gnr 54/4, medan dei to andre tilhøyrer gnr 54/6.

Gislinklenke for lokalitetane på Gjerda:

http://www.gislink.no/silverlightviewer_1_5/index.html?Viewer=Gislink&Project=9303f869-5879-4503-87b5-b4e83f5d3483

Lok. nr. 1; Muriås: Gamle Muritunet (gnr 3/2)

Naturbase-nummer: NY
Posisjon: 6909177 408908 (UTM 32N)
Areal: 1,8 dekar
Naturtype: Slåttemark (D01)
Utforming: Frisk fattigeng (D0104)
Verdi: B (viktig)
Moglege truslar: Gjengroing, for tidleg slått, langvarig vårbeiting, gjødsling, pløying.
Undersøkt/kjelder: ...
Siste feltsjekk: 27.06.2012 av Øystein Folden og Finn G. Oldervik

Lokalitetsskildring**Innleiing**

Skildringa er skriven av Øystein Folden 09.01.2013, basert på feltarbeid 27.6.2012 utført av Øystein Folden og Finn G. Oldervik, Bioreg AS, på oppdrag frå Norddal kommune.

Geografisk plassering og naturgrunnlag

Lokaliteten ligg i lia vest for Muri/Valldal, i eit slakare parti med mykje dyrkamark mellom den bratte lia nede ved sjøen og foten av Klovfjellet. Lokaliteten ligg på oversida av tunet i Gamle Muritunet. På nedsida grenser lokaliteten til ope dyrkamark, på dei andre sidene står det skog, ein del lauv og noko planta gran. Området ligg i sørboreal til mellomboreal vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1). Bergarten er gneis, ikkje inndelt, for det meste kvartsdiorittisk, nokre stader migmatittisk, harde og næringsfattige. Avgrensinga er basert på GPS og Gislink flyfoto/kartverk (betre enn 20 m).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar

Naturtypen er slåttemark. Vegetasjonen er dominert av G4 Frisk fattigeng der gulaks er dominerande art.

Artsmangfald

Bakkesoleie, blåknapp, engsyre, firkantperikum, fuglevikke, grasstjerneblom, grov nattfiol, gulaks, hundegras, hårsvæve, kvitkløver, kvitsymre, prestekrage, raudkløver, ryllik, skogstorkenebb, småmarimjelle, stormaure, tiriltunge, tveskjeggveronika, vårpengeurt. Observasjonane er innlagt på www.artsobservasjoner.no

Bruk, tilstand og påverknad

Lokaliteten har dei siste åra vore slått. Store delar av arealet har ein jamn struktur. Langs kantane står det stadvis tett lauvskog. Areala verker noko gjødsle, gjerne som følgje av eit visst innslag av kløver som følgje av økologisk drift.

Framande artar

Hundegras og vårpengeurt.

Kulturminne

Det er steinutgard på lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn

Ei slåttemark er avhengig av årleg, sein slått, og hausting av avlinga. Kortvarig, tidleg vårbeite kan akseptast, men det er best om det berre er haustbeite. Beiting med lette storferasar eller ungdyr vil vere best, og beiting med sau kan også vere aktuelt, men det må gjerast manuell rydding, særleg langs kantane i tillegg. Areala må ikkje gjødslast, sprøytast eller pløyast.

Del av heilskapleg landskap

På gardar som ligg som denne var det vanlegvis åker nær husa, slåttemark elles, og beitemark lenger frå husa. Etter kvart som korn blei uaktuelt, gjekk mesteparten av åkerlandet over til slåttemark, og med tida har den slåttemarka som er vanskelegast å drive gått over til beitemark. Nedanfor lokaliteten er det bygd ein del hus dei siste tiåra. Jordbruket har elles endra seg såpass frå tidlegare, at sambandet med det gamle jordbrukslandskapet er svekka.

Grunngjeving for verdisetting

Sjølv om drifta av lokaliteten ikkje har vore optimal på alle punkt, er det ikkje så mykje som manglar. Det er lite gjødsle og mesteparten av arealet har ein tilnærma slåttemarkstruktur. Det er registrert ein del kulturmarksartar på lokaliteten. Verdien blir sett til B – Viktig.

Merknad



Figur 5. Lok. Nr. 1, Muriås: Gamle Muritunet. Biletet er tatt frå posisjon 6909183 408889. (Foto: Øystein Folden ©, 27.06.2012).



Figur 6. Lok.nr. 1, Muriås: Gamle Muritunet (gnr 3/2). Lokaliteten er markert med grønt. (GisLink).

Lok. nr. 2; Muriås: Hestebeitet (Gnr 3/2)

Naturbase-nummer:	NY
Posisjon:	6909113 408864 (UTM 32N)
Areal:	1,5 dekar
Naturtype:	Slåttemark (D01)
Utforming:	Frisk fattigeng (D0104)
Verdi:	B (viktig)
Moglege truslar:	Gjengroing, for tidleg slått, langvarig vårbeiting, gjødsling, pløying.
Undersøkt/kjelder:	...
Siste feltsjekk:	27.06.2012 Øystein Folden og Finn G. Oldervik

Lokalitetsskildring

Innleiing

Skildringa er skriven av Øystein Folden 09.01.2013, basert på feltarbeid 27.6.2012 utført av Øystein Folden og Finn G. Oldervik, Bioreg AS på oppdrag frå Norddal kommune.

Geografisk plassering og naturgrunnlag

Lokaliteten ligg i lia vest for Muri/Valldal, i eit slakare parti med mykje dyrkamark mellom den bratte lia nede ved sjøen og foten av Klovfjellet. Lokaliteten ligg på oversida av tunet i Gamle Muritunet. På oversida grenser lokaliteten skog. På dei andre sidene er det også skog, men helst som høg kantvegetasjon med ope dyrkamark på andre sida. Skogen rundt er for det meste ymse lauvtreartar og noko planta gran. Området ligg i sørboreal til mellomboreal vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1). Bergarten er gneis, ikkje inndelt, for det meste kvartsdiorittisk, nokre stader migmatittisk, harde og næringsfattige. Avgrensinga er basert på GPS og Gislink flyfoto/kartverk (betre enn 20 m).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar

Naturtypen er slåttemark. Vegetasjonen er dominert av G4 Frisk fattigeng der gulaks er dominerande art.

Artsmangfald

Blåknapp, bleikkstarr, engfrytle, engsyre, firkantperikum, grasstjerneblom, grov nattfiol, gulaks, harerug, hundegras, kvitbladtistel, nattfiol, prestekrage, raudkløver, skogstorkenebb, smalkjempe, sølvbunke, tepperot, tiriltunge, tveskjeggveronika. Observasjonar er innlagt på www.artsobservasjoner.no

Bruk, tilstand og påverknad

Lokaliteten har dei siste åra vore slått. Store delar av arealet har ein jamn struktur. Langs kantane står det stadvis tett lauvskog. Areala verker noko gjødsla, gjerne som følgje av eit visst innslag av kløver som følgje av økologisk drift.

Framande artar

Det står ei kvitgran i tunet rett utanfor lokaliteten.

Kulturminne

Det er innslag av steinutgardar på lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn

Ei slåttemark er avhengig av årleg, sein slått, og hausting av avlinga. Kortvarig, tidleg vårbeite kan akseptrast, men det er best om det berre er haustbeite. Beiting med lette storferasar eller ungdyr vil vere best, og beiting med sau kan også vere aktuelt, men det må gjerast manuell rydding, særleg langs kantane i tillegg. Areala må ikkje gjødslast, sprøytast eller pløyast.

Del av heilskapleg landskap

På gardar som ligg som denne var det vanlegvis åker nær husa, slåttemark elles, og beitemark lenger frå husa. Etter kvart som korn blei uaktuelt, gjekk mesteparten av åkerlandet over til slåttemark, og med tida har den slåttemarka som er vanskelegast å drive gått over til beitemark. Nedanfor lokaliteten er det bygd ein del hus dei siste tiåra. Jordbruket har elles endra seg såpass frå tidlegare, at sambandet med det gamle jordbrukslandskapet er svekka.

Grunngjeving for verdisetting

Sjølv om drifta av lokaliteten ikkje har vore optimal på alle punkt, er det ikkje så mykje som manglar. Det er lite gjødsla og mesteparten av arealet har ein tilnærma slåttemarkstruktur. Det er registrert ein del kulturmarksartar på lokaliteten. Verdien blir sett til B – Viktig.

Merknad



Figur 7. Frå lok. nr. 2, Muriås, Hestebeitet. Biletet er tatt frå posisjon 6909108 408889). (Foto: Øystein Folden ©, 27.06.2012).



Figur 8. Avgrensing av lok. nr. 2, Muriås: Hestebeitet. Lokaliteten ligg sentralt i biletet, rama inn med grønt. (GisLink).

Lok. nr. 3; Muriås: Storåkeren (gnr 3/1 og 3/2)

Naturbase-nummer:	NY
Posisjon:	6909042 408869 (UTM 32N)
Areal:	3,9 dekar
Naturtype:	Slåttemark (D01)
Utforming:	Frisk fattigeng (D0104)
Verdi:	B (viktig)
Moglege truslar:	Gjengroing, for tidleg slått, langvarig vårbeiting, gjødsling, pløying.
Undersøkt/kjelder:	...
Siste feltsjekk:	27.06.2012 Øystein Folden og Finn G. Oldervik

Lokalitetsskildring

Innleiing

Skildringa er skriven av Øystein Folden 09.01.2013, basert på feltarbeid 27.6.2012 utført av Øystein Folden og Finn G. Oldervik, Bioreg AS, på oppdrag frå Norddal kommune.

Geografisk plassering og naturgrunnlag

Lokaliteten ligg i lia vest for Muri/Valldal, i eit slakare parti med mykje dyrkamark mellom den bratte lia nede ved sjøen og foten av Klovfjellet. Lokaliteten grenser mot sør og nord til lauvskog med dyrkamark bakom. På dei andre sidene er det gamle driftsveger, med eng bortom, men med lågare

biologisk mangfald-kvalitet enn Storåkeren. Området ligg i sørboreal og mellomboreal vegetasjonsone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1). Bergarten er gneis, ikkje inndelt, for det meste kvartsdiorittisk, nokre stader migmatittisk, harde og næringsfattige. Avgrensinga er basert på GPS og Gislink flyfoto/kartverk (betre enn 20 m).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar

Naturtypen er slåttemark. Vegetasjonen er dominert av G4 Frisk fattigeng der gulaks er dominerande art.

Artsmangfald

Bakkesoleie, brennesle, engreverumpe, engsyre, firkantperikum, fuglevikke, følblom, gjerdevikke, grasstjerneblom, grov nattfiol, gulaks, harerug, hundegras, hundekjeks, kvitkløver, mjørdurt, myrtistel, prestekrage, raud jonsokblom, raudkløver, ryllik, skogburkne, skogstorkenebb, smalkjempe, sølvbunke, tiriltunge, tveskjeggveronika, vendelrot. Observasjonar er innlagt på www.artsobservasjoner.no

Bruk, tilstand og påverknad

Lokaliteten har dei siste åra vore slått. Store delar av arealet har ein jamn struktur. Langs kantane står det stadvis tett lauvskog. Areala verker noko gjødsla, gjerne som følgje av eit visst innslag av kløver som følgje av økologisk drift.

Framande artar

Hundegras er innført. Engreverumpe og krushøymol kan også ha kortare historie her enn mange av dei andre artane.

Kulturminne

Det er steinutgard på lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn

Ei slåttemark er avhengig av årleg, sein slått, og hausting av avlinga. Kortvarig, tidleg vårbeite kan akseptast, men det er best om det berre er haustbeite. Beiting med lette storferasar eller ungdyr vil vere best, og beiting med sau kan også vere aktuelt, men det må gjerast manuell rydding, særleg langs kantane i tillegg. Areala må ikkje gjødslast, sprøytast eller pløyast.

Del av heilskapleg landskap

På gardar som ligg som denne var det vanlegvis åker nær husa, slåttemark elles, og beitemark lenger frå husa. Etter kvart som korn blei uaktuelt, gjekk mesteparten av åkerlandet over til slåttemark, og med tida har den slåttemarka som er vanskelegast å drive gått over til beitemark. Nedanfor lokaliteten er det bygd ein del hus dei siste tiåra. Jordbruket har elles endra seg såpass frå tidlegare, at sambandet med det gamle jordbrukslandskapet er svekka.

Grunngjeving for verdisetting

Sjølv om drifta av lokaliteten ikkje har vore optimal på alle punkt, er det ikkje så mykje som manglar. Det er lite gjødsla og mesteparten av arealet har ein tilnærma slåttemarkstruktur. Det er registrert ein del kulturmarksartar på lokaliteten. Verdien blir sett til B – Viktig.

Merknad



Figur 9. Biletet viser deler av lok. nr. 3, Muriås: Storåkeren. Det er tatt frå posisjon 6909038 408831, austre del. (Foto: Øystein Folden ©, 27.06.2012).



Figur 10. Også dette biletet viser deler av lok. nr. 3, Muriås: Storåkeren. Biletet er tatt frå posisjon 6909038 408831, vestre del. (Foto: Øystein Folden ©, 27.06.2012).



Figur 11. Avgrensing av lok. Nr. 3, Muriås: Storåkeren. Lokaliteten er rama inn med grøn strek. (GisLink).

Lok. nr. 4; Muriås: Josteinbøen (gnr 3/2 og litt 3/1)

Naturbase-nummer:	NY
Posisjon:	6908947 408777 (UTM 32N)
Areal:	13.6 dekar
Naturtype:	Slåttemark (D01)
Utforming:	Frisk fattigeng (D0104)
Verdi:	B (viktig)
Moglege truslar:	Gjengroing, for tidleg slått, langvarig vårbeiting, gjødsling, pløying.
Undersøkt/kjelder:	...
Siste feltsjekk:	27.06.2012 Øystein Folden og Finn G. Oldervik

Lokalitetsskildring

Innleiing

Skildringa er skriven av Øystein Folden 09.01.2013, basert på feltarbeid 27.6.2012 utført av Øystein Folden og Finn G. Oldervik, Bioreg AS, på oppdrag frå Norddal kommune.

Geografisk plassering og naturgrunnlag

Lokaliteten ligg i lia vest for Muri/Valldal, i eit slakare parti med mykje dyrkamark mellom den bratte lia nede ved sjøen og foten av Klovfjellet. Lokaliteten grenser mot nord og vest mot skog, i hovudsak ymse lauvtreslag. Mot sørvest ligg engareal som er meir intensivt drevne, mot søraust

slåttemarklokaliteten Josteinbøen, nedre. Mot nordaust er det lauvskog, delvis med dyrka mark bakom. Området ligg i sørboreal til mellomboreal vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1). Bergarten er gneis, ikkje inndelt, for det meste kvartsdiorittisk, nokre stader migmatittisk, harde og næringsfattige. Avgrensinga er basert på GPS og Gislink flyfoto/kartverk (betre enn 20 m).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar

Naturtypen er slåttemark. Vegetasjonen er dominert av G4 Frisk fattigeng der gulaks er dominerande art, men det var også ganske mykje grov nattfiol på denne lokaliteten.

Artsmangfald

Bakkesoleie, beitemarikåpe, blåklokke, blåknapp, blåkoll, bråtestarr, engfrytle, engreverumpe, engsyre, firkantperikum, flekkmarihand, fuglevikke, gjerdevikke, grasstjerneblom, grov nattfiol, gulaks, hegg, hundegras, kornstarr, krattlodnegras, kvitblattistel, kvitkløver, mjørdurt, nyseryllik, prestekrage, raudkløver, rogn, ryllik, sauesvingel, skogstorkenebb, smalkjempe, smyle, stormaure, tepperot, timotei, tiriltunge, tveskjeggveronika. Observasjonar er innlagt på www.artsobservasjoner.no

Bruk, tilstand og påverknad

Lokaliteten har dei siste åra vore slått. Store delar av arealet har ein jamn struktur. Langs kantane står det stadvis tett lauvskog. Areala verker noko gjødsle, gjerne som følgje av eit visst innslag av kløver som følgje av økologisk drift.

Framande artar

Engreverumpe, hundegras, nyseryllik og timotei er nok innført.

Kulturminne

Det er steinutgard på lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn

Ei slåttemark er avhengig av årleg, sein slått, og hausting av avlinga. Kortvarig, tidleg vårbeite kan akseptast, men det er best om det berre er haustbeite. Beiting med lette storferasar eller ungdyr vil vere best, og beiting med sau kan også vere aktuelt, men det må gjerast manuell rydding, særleg langs kantane i tillegg. Areala må ikkje gjødslest, sprøytast eller pløyast.

Del av heilskapleg landskap

På gardar som ligg som denne var det vanlegvis åker nær husa, slåttemark elles, og beitemark lenger frå husa. Etter kvart som korn blei uaktuelt, gjekk mesteparten av åkerlandet over til slåttemark, og med tida har den slåttemarka som er vanskelegast å drive gått over til beitemark. Nedanfor lokaliteten er det bygd ein del hus dei siste tiåra. Jordbruket har elles endra seg såpass frå tidlegare, at sambandet med det gamle jordbrukslandskapet er svekka.

Grunngjeving for verdisetting

Sjølv om drifta av lokaliteten ikkje har vore optimal på alle punkt, er det ikkje så mykje som manglar. Det er lite gjødsle og mesteparten av arealet har ein tilnærma slåttemarkstruktur. Det er registrert ein del kulturmarksartar på lokaliteten. Verdien blir sett til B – Viktig.


Merknad



Figur 12. Biletet viser ein del av lok. nr. 4, Muriås: Josteinbøen. Det er tatt frå posisjon 6908990 408798, austre del. (Foto: Øystein Folden ©, 27.06.2012).



Figur 13. Også dette biletet er frå lok. nr. 4, Muriås: Josteinbøen. Det er tatt frå posisjon 6908990 408798, midtre del. (Foto: Øystein Folden ©, 27.06.2012).



Figur 14. Flyfotoet viser avgrensinga av lok. nr. 4, Muriås: Josteinbøen. Lokaliteten ligg sentralt i biletet og er avgrensa med grønt.

Lok. nr. 5; Nerås: Josteinbøen, nedre (gnr. 3/4).

Naturbase-nummer:	NY
Posisjon:	6908866 408854 (UTM 32N)
Areal:	5,1 dekar
Naturtype:	Slåttemark (D01)
Utforming:	Frisk fattigeng (D0104)
Verdi:	B (viktig)
Moglege truslar:	Gjengroing, for tidleg slått, langvarig vårbeiting, gjødsling, pløying.
Undersøkt/kjelder:	...
Siste feltsjekk:	

Lokalitetsskildring

Innleiing

Skildringa er skriven av Øystein Folden 09.01.2013, basert på feltarbeid 27.6.2012 utført av Øystein Folden og Finn G. Oldervik på lokalitetar nær ved, og opplysningar frå eigar, på oppdrag frå Norddal kommune. Lokaliteten er såleis ikkje oppsøkt.

Geografisk plassering og naturgrunnlag

Lokaliteten ligg i lia vest for Muri/Valldal, i eit slakare parti med mykje dyrkamark mellom den bratte lia nede ved sjøen og foten av Klovfjellet. Lokaliteten grenser mot nordaust til skogvegetasjon. Mot søraust ligg vegen. Mot vest er det ei eng som er driven meir intensivt og mot nord ligg slåttemarkslokaliteten Josteinbøen. Området ligg i sørboreal til mellomboreal vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonssesjon (O1). Bergarten er gneis, ikkje inndelt, for det meste kvartsdiorittisk, nokre stader migmatittisk, harde og næringsfattige. Avgrensinga er basert på GPS og Gislink flyfoto/kartverk (betre enn 20 m).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar

Sidan lokaliteten ikkje er oppsøkt, er vurderinga gjort på grunnlag av fire nærliggande lokalitetar og opplysningar frå eigar. Naturtypen er slåttemark. Vegetasjonen er dominert av G4 Frisk fattigeng der gulaks er dominerande art.

Artsmangfald

Det er ikkje gjort artsregistreringar på lokaliteten.

Bruk, tilstand og påverknad

Sidan lokaliteten ikkje er oppsøkt, er vurderinga gjort på grunnlag av fire nærliggande lokalitetar og opplysningar frå eigar. Lokaliteten har dei siste åra vore slått. Store delar av arealet har ein jamn struktur. Langs kantane står det stadvis tett lausskog. Areala verker noko gjødsla, gjerne som følge av eit vist innslag av kløver som følge av økologisk drift.

Framande artar

Kulturminne

I alle fall i overkant er det ein steinmur.

Skjøtsel og omsyn

Ei slåttemark er avhengig av årleg, sein slått, og hausting av avlinga. Kortvarig, tidleg vårbeite kan akseptast, men det er best om det berre er haustbeite. Beiting med lette storferasar eller ungdyr vil vere best, og beiting med sau kan også vere aktuelt, men det må gjerast manuell rydding, særleg langs kantane i tillegg. Areala må ikkje gjødslast, sprøytast eller pløyast.

Del av heilskapleg landskap

På gardar som ligg som denne var det vanlegvis åker nær husa, slåttemark elles, og beitemark lenger frå husa. Etter kvart som korn blei uaktuelt, gjekk mesteparten av åkerlandet over til slåttemark, og med tida har den slåttemarka som er vanskelegast å drive gått over til beitemark. Nedanfor lokaliteten er det bygd ein del hus dei siste tiåra. Jordbruket har elles endra seg såpass frå tidlegare, at sambandet med det gamle jordbrukslandskapet er svekka.

Grunngjeving for verdisetting


Sidan lokaliteten ikkje er oppsøkt, er den verdsett ut frå fire nærliggande lokalitetar som av eigar er rekna å vere svært like. Sjølv om drifta av lokaliteten ikkje har vore optimal på alle punkt, er det ikkje så mykje som manglar. Det er lite gjødsla og mesteparten av arealet har ein tilnærma slåttemarkstruktur. Det er registrert ein del kulturmarksartar på lokaliteten. Verdien blir sett til B – Viktig.

Merknad

Lokaliteten er ikkje oppsøkt, og det er nødvendig å gjere feltundersøkingar.



Figur 15. Flyfotoet viser avgrensinga av lok. nr. 5, Muriås: Josteinbøen, nedre. Lokalitet ligg sentralt i biletet og er rama inn med grøn strek. (GisLink).



Figur 16. Gislink. Oversyn over lokalitetane på Gjerda i Norddal. Avgrensinga av kvar lokalitet kan vere noko justert, og følgjer av illustrasjon som følgjer lokalitetane.

Lok. nr. 6; Gjerda: Ystegjerda, nedom husa (gnr 54/6)

Naturbase-nummer:	NY
Posisjon:	6902647 408052 (UTM 32N)
Areal:	3,0 dekar
Naturtype:	Slåttemark (D01)
Utforming:	Frisk fattigeng (D0104)
Verdi:	B (viktig)
Moglege truslar:	Gjengroing, for tidleg slått, langvarig vårbeiting, gjødsling, pløying.
Undersøkt/kjelder:	...
Siste feltsjekk:	28.06.2012 Øystein Folden og Finn G. Oldervik

Lokalitetsskildring

Innleiing

Skildringa er skriven av Øystein Folden 27.12.2012, basert på feltarbeid 28.6.2012 utført av Øystein Folden og Finn G. Oldervik, Bioreg AS på oppdrag frå Norddal kommune.

Geografisk plassering og naturgrunnlag

Lokaliteten ligg på nedsida av vegen mellom Norddal og Eidsdal, på garden Gjerda (Hatlestad). Mot sør og vest grenser lokaliteten til ein veg og til tunet på Ystegjerda. Elles grenser lokaliteten mot areal med skogvegetasjon. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og svakt oseaanisk vegetasjonsseksjon (O1). Bergarten er gneis, ikkje inndelt, for det meste kvartsdiorittisk, nokre stader migmatittisk, harde og næringsfattige. Avgrensinga er basert på GPS og Gislink flyfoto/kartverk (betre enn 20 m).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar

Naturtypen er slåttemark. Vegetasjonen er dominert av G4 Frisk fattigeng der gulaks er dominerande art.

Artsmangfald

Bakkesoleie, blåklokke, blåkoll, engsyre, engreverumpe, gulaks, hundekjeks, kvitkløver, osp, raudkløver, skogburkne, skogstorkenebb, sløke, småengkall, stormaure, sølvbunke, tveskjegg-veronika, øyentrøst ssp. Observasjonar er innlagt på www.artsobservasjoner.no

Bruk, tilstand og påverknad

Lokaliteten har dei siste åra vore beita (og var heilt nyleg beita ved registreringa), men tidlegare var dette slåttemarka på garden. Store delar av arealet har ein jamn struktur, og det er berre sporadisk teikn til attgroing langs kantane. Areala verker å vere lite gjødsla.

Framande artar

Bjørnerot finst planta i hagen og ser ut til å spreie seg.

Kulturminne

Det er steinutgardar, rydningsrøyser og steinmurar knytt til tilkomsten på lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn

Ei slåttemark er avhengig av årleg, sein slått, og hausting av avlinga. Kortvarig, tidleg vårbeite kan akseptrast, men det er best om det berre er haustbeite. Beiting med lette storferasar eller ungdyr vil vere best, og beiting med sau kan også vere aktuelt, men det må gjerast manuell rydding, særleg langs kantane i tillegg. Areala må ikkje gjødslast, sprøytast eller pløyast.

Del av heilskapleg landskap

På gardar som ligg som denne var det vanlegvis åker nær husa, slåttemark elles, og beitemark lenger frå husa. Etter kvart som korn blei uaktuelt, gjekk mesteparten av åkerlandet over til slåttemark, og med tida har den slåttemarka som er vanskelegast å drive gått over til beitemark. Det opne beitelandskapet rundt er delvis planta igjen og elles grodd igjen i stor grad. Men slåttemark og beitemark gir framleis ein samanheng saman med husa her.

Grunngjeving for verdisetting

Sjølv om drifta av lokaliteten ikkje har vore optimal på alle punkt, er det ikkje så mykje som manglar. Det er lite gjødsla og mesteparten av arealet har ein tilnærma slåttemarkstruktur. Det er registrert ein del kulturmarksartar på lokaliteten. Det er eit potensial for førekomst av raudlista beitemarksopp. Verdien blir sett til B – Viktig.

Merknad

Figur 17. Frå lok. nr. 6, Yste Gjerda: Nedom husa. Biletet er tatt frå nordleg grense, mot søraust. (Foto: Øystein Folden ©, 28.06.2012).



Figur 18. Også dette biletet viser ein del av lok. Nr. 6, Gjerda: Ystegjerda, nedomhusa. Bilete er tatt frå nordleg grense, mot husa. (Foto: Øystein Folden ©, 28.06.2012). (Foto: Øystein Folden ©, 28.06.2012).



Figur 19. Kartskissa viser dei to lokalitetane på Ystegjerda. Det er lokaliteten oppe til høgre som er lok. nr. 6, Ystegjerda, nedomhusa. Den er rama inn med grøn strek.

Lok. nr. 7, Gjerda: Ystegjerda, ovom husa (gnr 54/6)

Naturbase-nummer:	NY
Posisjon:	6902635 408001 (UTM 32N)
Areal:	0,8 dekar
Naturtype:	Slåttemark (D01)
Utforming:	Frisk fattigeng (D0104)
Verdi:	B (viktig)
Moglege truslar:	Gjengroing, for tidleg slått, langvarig vårbeiting, gjødsling, pløying.
Undersøkt/kjelder:	...
Siste feltsjekk:	28.06.2012 Øystein Folden og Finn G. Oldervik

Lokalitetsskildring

Innleiing

Skildringa er skriven av Øystein Folden 27.12.2012, basert på feltarbeid 28.6.2012 utført av Øystein Folden og Finn G. Oldervik, Bioreg AS, på oppdrag frå Norddal kommune.

Geografisk plassering og naturgrunnlag

Lokaliteten ligg på nedsida av vegen mellom Norddal og Eidsdal, på garden Gjerda (Hatlestad). Øvre delar grenser mot hovudvegen. Mot nord er det skog. Mot aust er det ein liten veg og tunet på Ystegjera. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1). Bergarten er gneis, ikkje inndelt, for det meste kvartsdiorittisk, nokre stader migmatittisk, harde og næringsfattige. Avgrensinga er basert på GPS og Gislink flyfoto/kartverk (betre enn 20 m).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar

Naturtypen er slåttemark. Vegetasjonen er dominert av G4 Frisk fattigeng der gulaks er dominerande art.

Artsmangfald

Aurikkelsvæve, bakkesoleie, bjørnerot, engreverumpe, engsyre, fjellmarikåpe, gulaks, hundegras, jonsokkoll, maiblom, myrtistel, perlevintergrønn, prestekrage, raud jonsokblom, ryllik, skogmarihand, skogstjerne, skogstorkenebb, småengcall, stormaure, sølvbunke, tveskjeggveronika. Observasjonar er innlagt på www.artsobservasjoner.no

Bruk, tilstand og påverknad

Lokaliteten har dei siste åra vore beita, men tidlegare var dette slåttemark på garden. Store delar av arealet har ein jamn struktur, og det er berre sporadisk teikn til attgroing langs kantane. Areala verker å vere noko gjødsla.

Framande artar

Det står edelgran rett utanfor lokaliteten. Bjørnerot er planta i hagen og ser ut til å spreie seg. Engreverumpe og hundegras er nok her innført med engdyrkinga.

Kulturminne

Det er steinutgard og steinmurar på lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn

Ei slåttemark er avhengig av årleg, sein slått, og hausting av avlinga. Kortvarig, tidleg vårbeite kan akseptrast, men det er best om det berre er haustbeite. Beiting med lette storferasar eller ungdyr vil

vere best, og beiting med sau kan også vere aktuelt, men det må gjerast manuell rydding, særleg langs kantane i tillegg. Areala må ikkje gjødslast, sprøytast eller pløyast.


Del av heilskapleg landskap

På gardar som ligg som denne var det vanlegvis åker nær husa, slåttemark elles, og beitemark lenger frå husa. Etter kvart som korn blei uaktuelt, gjekk mesteparten av åkerlandet over til slåttemark, og med tida har den slåttemarka som er vanskelegast å drive gått over til beitemark. Det opne beitelandskapet rundt er delvis planta igjen og elles grodd igjen i stor grad. Men slåttemark og beitemark gir framleis ein samanheng saman med husa her.

Grunngjeving for verdisetting

Sjølv om drifta av lokaliteten ikkje har vore optimal på alle punkt, er det ikkje så mykje som manglar. Det er lite gjødsla og mesteparten av arealet har ein tilnærma slåttemarkstruktur. Det er registrert ein del kulturmarksartar på lokaliteten. Det er eit potensial for førekomst av raudlista beitemarksopp. Verdien blir sett til B – Viktig.

Merknad



Figur 20. Frå lok. nr. 7, Gjerda; Ystegjerda, ovom husa. I bakgrunnen ser vi Norddalsdalen, og vi skimtar også vegen som fører opp til den kjende Herdalssetra. (Foto: Øystein Folden ©, 28.06.2012).



Figur 21. Lok. nr. 7, Ystegjerda, ovom husa er lokaliteten nede til venstre innramma med grøn strek.

Lok. nr. 8, Gjerda: Instegjerda, kring husa (Gnr 54/4)

Naturbase-nummer:	NY
Posisjon:	6902452 408262 (UTM 32N)
Areal:	2,8 dekar
Naturtype:	Slåttemark (D01)
Utforming:	Frisk fattigeng (D0104)
Verdi:	B (viktig)
Moglege truslar:	Gjengroing, for tidleg slått, langvarig vårbeiting, gjødsling, pløying.
Undersøkt/kjelder:	...
Siste feltsjekk:	28.06.2012 Øystein Folden og Finn G. Oldervik

Lokalitetsskildring

Innleiing

Skildringa er skriven av Øystein Folden 27.12.2012, basert på feltarbeid 28.6.2012 utført av Øystein Folden og Finn G. Oldervik, Bioreg AS på oppdrag frå Norddal kommune.

Geografisk plassering og naturgrunnlag

Lokaliteten ligg på nedsida av vegen mellom Norddal og Eidsdal, på garden Gjerda (Hatlestad). Lokaliteten går opp til vegen på sørvestsida, er avgrensa mot tun og hage mot søraust, langs ein jordbruksveg mot nordaust og meir skjønsmessig i eng mot nordvest. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1). Bergarten er gneis, ikkje inndelt, for det meste kvartsdiorittisk, nokre stader migmatittisk, harde og næringsfattige.

Avgrensinga er basert på GPS og Gislink flyfoto/kartverk (betre enn 20 m).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar

Naturtypen er slåttemark. Vegetasjonen er dominert av G4 Frisk fattigeng der gulaks er dominerande art.

Artsmangfald

Bakkesoleie, beitemarikåpe, blåklokke, blåkoll, engfrytle, engmarikåpe, engsyre, firkantperikum, fjellgulaks, fjellmarikåpe, fjelltimotei, geitsvingel, grasstjerneblom, gulaks, harerug, hundegras, hundekjeks, hårfrytle, hårsvæve, jonsokkoll, knereverumpe, kvitkløver, prestekrage, raud jonsokblom, raudkløver, ryllik, skogfiol, skogstorkenebb, sløke, smalkjempe, småengkall, snauveronika, sølvbunke, tepperot, tiriltunge, tveskjeggveronika, vårpengeurt, øyentrøst ssp., åkerminneblom.

Meloe violaceus (oljebilleart). Observasjonane er innlagt på www.artsobservasjoner.no

Bruk, tilstand og påverknad

Lokaliteten har dei siste åra vore beita, men tidlegare var dette slåttemark på garden. Store delar av arealet har ein jamn struktur, og det er berre sporadisk teikn til attgroing langs kantane. På oversida er det bratt, elles litt slakare. Areala verker å vere lite gjødsla.

Framande artar

Sidan lokaliteten grenser mot hagen vil ein lett få inn framande artar derifrå. Ballblom står nær hagen. Elles var det så vidt hundegras og vårpengeurt.

Kulturminne

Det er innslag av steinmurar på lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn

Ei slåttemark er avhengig av årleg, sein slått, og hausting av avlinga. Kortvarig, tidleg vårbeite kan akseptast, men det er best om det berre er haustbeite. Beiting med lette storferasar eller ungdyr vil vere best, og beiting med sau kan også vere aktuelt, men det må gjerast manuell rydding, særleg langs kantane i tillegg. Areala må ikkje gjødslast, sprøytast eller pløyast.

Del av heilskapleg landskap

På gardar som ligg som denne var det vanlegvis åker nær husa, slåttemark elles, og beitemark lenger frå husa. Etter kvart som korn blei uaktuelt, gjekk mesteparten av åkerlandet over til slåttemark, og med tida har den slåttemarka som er vanskelegast å drive gått over til beitemark. Det opne beitelandskapet rundt er delvis planta igjen og elles grodd igjen i stor grad. Men slåttemark og beitemark gir framleis ein samanheng saman med husa her.


Grunngjeving for verdisetting

Sjølv om drifta av lokaliteten ikkje har vore optimal på alle punkt, er det ikkje så mykje som manglar. Det er lite gjødsla og mesteparten av arealet har ein tilnærma slåttemarkstruktur. Det er registrert ein del kulturmarksartar på lokaliteten. Det er eit potensial for førekomst av raudlista beitemarksopp. Verdien blir sett til B – Viktig.

Merknad



Figur 22. Biletet viser delar av lok. nr. 8, Gjerda; Instegjerda, kring husa. Biletet tatt frå sør for arealet ovom huset. (Foto: Øystein Folden ©, 28.06.2012).



Figur 23. Dette biletet er frå same lokaliteten (lok. nr. 8) som det førre. Det er tatt frå nordvesthjørnet av lokaliteten, mot tunet. (Foto: Øystein Folden ©, 28.06.2012).



Figur 24. Lok. nr. 8, Instegjerda, kring husa er den som er rama inn med grøn strek til venstre.

Lok. nr. 9, Gjerda: Instegjerda, Prestkornrobben (gnr 54/4)

Naturbase-nummer:	NY
Posisjon:	6902445 408352 (UTM 32N)
Areal:	2,5 dekar
Naturtype:	Slåttemark (D01)
Utforming:	Frisk fattigeng (D0104)
Verdi:	B (viktig)
Moglege truslar:	Gjengroing, for tidleg slått, langvarig vårbeiting, gjødsling, pløying.
Undersøkt/kjelder:	...
Siste feltsjekk:	28.06.2012 Øystein Folden og Finn G. Oldervik

Lokalitetsskildring

Innleiing

Skildringa er skriven av Øystein Folden 27.12.2012, basert på feltarbeid 28.6.2012 utført av Øystein Folden og Finn G. Oldervik, Bioreg AS, på oppdrag frå Norddal kommune.

Geografisk plassering og naturgrunnlag

Lokaliteten ligg på nedsida av vegen mellom Norddal og Eidsdal, på garden Gjerda (Hatlestad).

Lokaliteten ligg nedst i noverande innmark og er bruksmessig naturleg avgrensa mot resten av innmarka. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1). Bergarten er gneis, ikkje inndelt, for det meste kvartsdiorittisk, nokre stader migmatittisk, harde og næringsfattige. Avgrensinga er basert på GPS og Gislink flyfoto/kartverk (betre enn 20 m).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar

Naturtypen er slåttemark. Vegetasjonen er dominert av G4 Frisk fattigeng der gulaks er dominerande art.

Artsmangfald

Bakkesoleie, blåklokke, brennesle, engsyre, eple, firkantperikum, grasstjerneblom, gulaks, hundekjeks, karve, kvitkløver, lækjeveronika, myrtistel, raud jonsokblom, raudkløver, revebjølle, ryllik, sauesvingel, snauveronika, stemorsblom, stormaure, sølvbunke, tepperot, tveskjeggveronika, vårpengeurt, åkerminneblom. Observasjonane er innlagt på www.artsobservasjoner.no

Bruk, tilstand og påverknad

Lokaliteten har dei siste åra vore beita, men tidlegare var dette slåttemark på garden. Som ein kan sjå av namnet, så har det vore åker her i eldre tid. Store delar av arealet har no ein jamn struktur, og det er berre sporadisk teikn til attgroing langs kantane. Areala verker å vere lite gjødsla.

Framande artar

Vårpengeurt blei observert. Det står nokre epletre på lokaliteten.

Kulturminne

Det er innslag av steinutgardar, rydningsrøyser og steinmurar knytt til tilkomsten på lokaliteten.

Skjøtsel og omsyn

Ei slåttemark er avhengig av årleg, sein slått, og hausting av avlinga. Kortvarig, tidleg vårbeite kan akseptast, men det er best om det berre er haustbeite. Beiting med lette storferasar eller ungdyr vil vere best, og beiting med sau kan også vere aktuelt, men det må gjerast manuell rydding, særleg langs kantane i tillegg. Areala må ikkje gjødslast, sprøytast eller pløyast.

Del av heilskapleg landskap

På gardar som ligg som denne var det vanlegvis åker nær husa, slåttemark elles, og beitemark lenger frå husa. Etter kvart som korn blei uaktuelt, gjekk mesteparten av åkerlandet over til slåttemark, og med tida har den slåttemarka som er vanskelegast å drive gått over til beitemark. Det opne beitelandskapet rundt er delvis planta igjen og elles grodd igjen i stor grad. Men slåttemark og beitemark gir framleis ein samanheng saman med husa her.

Grunngjeving for verdisetting

Sjølv om drifta av lokaliteten ikkje har vore optimal på alle punkt, er det ikkje så mykje som manglar. Det er lite gjødsla og mesteparten av arealet har ein tilnærma slåttemarkstruktur. Det er registrert ein del kulturmarksartar på lokaliteten. Det er eit potensial for å finne raudlista beitemarksopp. Verdien blir sett til B – Viktig.

Merknad



Figur 25. Biletet viser delar av lok. nr. 9, Instegjerda, Prestkornrobben. Det er tatt frå nordvesthjørnet, av øvre del av lokaliteten. (Foto: Øystein Folden ©, 28.06.2012).



Figur 26. Også dette biletet er frå Prestkornrobben. Dette tatt frå nordvesthjørnet, av midtre del av lokaliteten. (Foto: Øystein Folden ©, 28.06.2012).



Figur 27. Også dette bildet er frå Prestkornrobber slik som dei to førre. Det tatt frå nordvesthjørnet, av nedre del av lokaliteten. (Foto: Øystein Folden ©, 28.06.2012).



Figur 28. Dette er det fjerde og siste bildet frå lok. nr. 9. Dette er tatt frå midt på nordgrensa, mot vest. (Foto: Øystein Folden ©, 28.06.2012).



Figur 29. Lok. nr. 9, Gjerda: Instegjerda, Prestkornrobben er lokaliteten som er rama inn med grøn strek til høgre.